
Saksnr: 2021/42652-1
Saksbehandlar Torill Klinker
Dato: 17.08.2021

Til: Hovudutval for samferdsle og mobilitet

Frå: Avdelingsdirektør for mobilitet og kollektivtransport

Politisk seminar om Miljøløftet sitt handlingsprogram

I samband med fylkestinget si handsaming av Miljøløftet sitt handlingsprogram for 2022 vart det fatta fylgjande vedtak:

Det er avgjerande at prioriteringane i miljøløftet har lokalpolitisk forankring, og utvalet ber derfor administrasjonen ta initiativ til eit seminar for politiske representantar i kommunane som er del av miljøløftet i forkant av handsaminga av dei årlege handlingsprogramma. Dei politiske representantane kan vere dei som sit i aktuelt fagutval og formannskap.

Avdelingsdirektøren er no, i samarbeid med sekretariatet til Miljøløftet, i ferd med å planleggja eit slikt seminar.

Seminaret er fastsett til **fredag 22. oktober kl 09:00 -13:00 i Bergen.**

Programmet er ikkje endeleg fastsett, men seminaret vil gje dykk ein gjennomgang av økonomien i Miljøløftet, det vil synleggjera og inspirera til ulike vegar mot nullvekstmålet, og kvar av partane i avtalen vil verta utfordra til å presentera sin visjon og sin veg mot nullvekstmålet.

Mål for dagen er å belysa det økonomiske handlingsrommet som ligg i avtalen, og gje inspirasjon til ei meir langsiktig og strategisk tilnærming til arbeidet med framtidige handlingsprogram. Det vert høve til å senda inn spørsmål på førehand.

Målgruppa for seminaret er særleg formannskapa i kommunane, utval for miljø og byutvikling i Bergen kommune og hovudutval for samferdsle og mobilitet i Vestland fylkeskommune, men partane står sjølv fritt til å vurdere kven som bør stilla på seminaret.

De vil få invitasjon frå sekretariatet når programmet er endeleg fastsett, men hald gjerne av dagen allereie no.